

Årsplan 2024-2025

Trodlahaugen barnehage



*«Et barn er laget av hundre.
Barnet har hundre språk
hundre hender
hundre tanker
hundre måter å tenke på
å leke og snakke på*

*Hundre alltid hundre
måter å lytte på
å undres på og like på
hundre lyster til å forundre seg og like
hundre lyster til å synge og forstå
hundre verdener å oppdage
hundre verdener å finne opp
hundre verdener
å drømme fram*

Et barn har hundre språk»

Loris Malaguzzi

«saman om den gode barndomen»

Innhold

.....	1
Forord	3
Visjon	4
Presentasjon av barnehagen	4
Lokale satsingar	5
KAP 1 Omsorg	7
KAP 2 Danning	9
KAP 3 Leik	10
KAP 4 Læring	11
KAP 5 Venenskap og fellesskap	12
KAP 6 Kommunikasjon og språk	13
KAP 7 Barn sin medverknad	13
KAP 8 Samarbeid mellom heimen og barnehagen	14
Samarbeidsmodellen «Betre tverrfagleg innsats – BTI»	14
Målgruppe:	15
KAP 9 Overgangar	15
9.1 Når barnet begynner i barnehagen	15
9.2 Overgangar i barnehagen.....	16
Overgangen mellom barnehage og skule	16
KAP 10 Barnehagen som pedagogisk verksemd	17
10.1 Planlegging.....	17
10.2 Vurdering	17
10.3 Dokumentasjon.....	18
10.4 Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte.....	18
KAP 11 Arbeidsmåttane til barnehagen	18
11.1 Progresjon.....	19
11.2 Digital praksis.....	19
11.3 Prosjektarbeid	19
Godkjenning av årsplanen	20

Forord

Årsplanane til Stord kommune sine barnehagar vert skrivne ut frå krav i Rammeplan for barnehagar og kommunal satsing .

Styraren er gitt det daglege ansvaret i barnehagen. Dette gjeld det pedagogiske, personalmessige og administrative. Styrar skal sørge for at barnehagen sitt pedagogiske arbeid er i tråd med barnehagelova og rammeplan.

Pedagogisk leiar har ansvaret for å setje i verk og leie det pedagogiske arbeidet i tråd med godt fagleg skjønn.

Årsplanen er eit offentleg dokument og har fylgjande funksjonar:

- Arbeidsreiskap for barnehagen sitt personale for å styra
- Utgangspunkt for føresette til å påverka innhaldet i barnehagen.
- Grunnlag for kommunen sitt tilsyn med barnehagen.
- Informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til eigar, politikarar, kommune, barnehagen sine samarbeidspartar, med meir.

Barnehagen si årsplan har eit tidsperspektiv på 1 år og han følgjer barnehageåret.

Årsplanen vert utarbeida i samarbeid med barnehagen sitt personale, barn og føresette, og er grunnlag for samarbeid gjennom året.

Årsplanen skal innehalda informasjon om korleis barnehagen skal fremja barn si allsidige utvikling gjennom omsorg, danning, leik og læring i nært samarbeid og forståing med barna sin heim. Planen beskriv mål og satsingsområde og gjev informasjon om korleis dei vert følgt opp, dokumentert og vurdert.

STORD KOMMUNE
ved barnehageleiinga

Visjon

« Saman om den gode barndomen ».

Trodlahaugen barnehage skal vera ein barnehage der læring og erfaring byggjer på samspelet mellom barna, miljøet og dei vaksne, og der opplevingar, og barnet sin eigen nysgjerrigheit utgjer basis for læring. Dei vaksne i barnehagen skal leggja til rette for at barna får anledning til å vera ein ressurs for kvarandre. Barna skal gjennom dagen få mange anledningar til å uttrykka tankar og meiningar i kvardagen. Samstundes som dei og lyttar til andre sine synspunkt, kan me saman skapa møteplassar der me saman reflekterer over det me gjer. .

Visjonen for Oppvekst, utdanning og kultur i Stord kommune er «Alle me(d), heile vegen». Me skal leggja til rette for inkludering for alle barn – frå barnehage til vidaregåande opplæring.

Presentasjon av barnehagen

Trodlahaugen barnehage er ein avdelingsbarnehage, med ein avdeling for store barn og ein avdeling for små barn. Avdelingane vert så delt opp i mindre grupper. Inndelingane i gruppene tek omsyn til barna sin alder og mogning, og i høve til kva aktivitet ein skal ha i gruppene. På gruppene jobbar barna i prosjekt og tilrettelagte aktivitetar, og dei går på tur i nærmiljøet. I tillegg har dei fruktmåltid, lunsj, kvilestund og mellommåltid i mindre grupper.

Barnehagen har 11,3 årsverk fordelt på styrar, pedagogiske leiarar, barnehagelærar, fagarbeidarar og assistentar. Me er opplæringsbedrift for lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget, og har dette bruksåret 1 lærling. Barnehagen er og øvingsbarnehage for barnehagelærarstudentar ved Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Me samarbeider med eksterne instansar som PPT, helsestasjonen og barnevernet.

Barnehagen har plass til ca. 50 born i alderen 1-6 år. Dette året har me 50 barn; 12 barn på småbarnsavdelinga, og 38 barn på avdeling for store barn.

Personalet som jobbar hjå oss har høg fagleg kompetanse og erfaring. Barn og foreldre møter og vert kjend med heile personalgruppa, då me har tett samarbeid på tvers av avdelingane og gruppene.

Me ynskjer at det totale barnehagetilbodet skal vere eit sterkt inkluderande fellesskap for barn og vaksne, der kreativitet skal gjera barnet rusta til å møte dagens krav og evne til nyttenking.

Lokale satsingar

Tryggleikssirkelen -COS(Circle of Security) i barnehagen

Tryggleikssirkelen er ein modell som tek for seg det å ivareta barna sine behov. Den illustrerer korleis barnet har ulike behov i ulike fasar, og kva rolle omsorgspersonen har for barnet.

Foreldre/forsette vil som regel alltid vere barnet sine primære omsorgspersonar, men barnehagepersonalet kjem på ein god andre plass i barna sitt liv. Me kallar difor personalet i barnehagen for barnet sine sekundære omsorgspersonar.


Trygge relasjonar viser seg å ha stor innverknad på barna si psykiske helse, og legg grunnlaget for vidare emosjonell, sosial og kognitiv utvikling. For at dei vaksne i barnehagen skal kunne etablere trygg tilknytning til barna, er dei avhengig av å kunne forstå barnet innanifrå (Brantzæg, Torsteinson, Øiestad, 2015).

Ein tenkjer at barnet har to grunnleggande behov:

- Behov for beskyttelse og omsorg, tilknytning
- Behov for å undersøkje og meistre verden, utforsking

Me jobbar ut i frå prinsippa om at den vaksne skal vera;

- større
- sterkare
- klokare
- og god.



ASK – Alternativ og supplerande kommunikasjon

Barnehagen skal legge til rette for barna si språkutvikling.

Bruk av ASK har som mål å støtte og fremma talespråk- samt å sikra ein alternativ

kommunikasjonsform dersom tale ikkje er mogleg. Desse barna treng tilgang til -og opplæring i alternative kommunikasjonsformer, t.d. bruk av teikn eller grafiske symbol.

- Alternativ kommunikasjon nyttas når barn eller unge har behov for kommunikasjonsformer som heilt erstatta talen.
- Supplerande kommunikasjon nyttas når barn eller unge har behov for kommunikasjonsformer som kan støtte eksisterande (utydelig eller svak) tale.

Me ynskjer å tilby ASK som ein del av det allmennpedagogiske tilbodet. Me nyttar bilete og symbol som supplerande kommunikasjon. Ved hjelp av bilete eller symbol som barna peiker på kan dei uttrykke seg. Me lagar peike-pratebøker, tematavler og dagtavler med bilete og symbol.

Det ein arbeidsmåte som skal inkludera alle barn og skape eit trygt og godt språkleg stimulerande barnehagemiljø.

ASK-nødvendig for nokon, men bra for alle!

Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, 2022-2025

Prosjektet skal bidra til å nå måla i Rammeplanen og styrka pedagogisk/spesialpedagogisk innsats for barn som treng ekstra støtte og særskild tilrettelegging. Ein skal utvikla inkluderande praksis innanfor det allmenne barnehagetilbodet. Nøkkelord i prosjektet er; Tett på, Tidleg Innsats og heilskapleg arbeid rundt barn som treng samansett og tverrfagleg innsats.

Kompetanseløftet skal bidra til at det er tilstrekkelig kompetanse tett på barna og går ut på kompetanseheving. I mellom anna inkludering, det å kunne førebygga utenforskap, fanga opp utfordringar og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert dei som har behov for særskilt tilrettelegging.

Arbeidet med kompetanseløftet må sjåast i samanheng med rammeplan for barnehagen. Barnehagen må gi barn likeverdige muligheiter til læring og utvikling, uavhengig av barna sine føresetnader.

Mål:

- alle barn skal få oppleva å få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehagen.
- alle barn skal få høve til utvikling, meistring, læring og trivsel - uavhengig av sine forutsetningar.
- barnehagen, skulen, PP-tjenesten og andre i laget rundt barnet må jobbe saman for å skapa eit inkluderande fellesskap.
- det pedagogiske tilbodet må tilpassast slik at alle får eit best mogleg utgangspunkt for utvikling og læring.

Slik gjer me:

- ein skal gjennom prosjektet jobba med kjernekomponentane: Inkludering, overgangar, fleirlærarmetodikk, barnets beste og leiing

- med utgangspunkt i felles implementeringsplan for oppvekst, skal barnehagen laga sin eigen plan tilpassa for barnehagen
- ein skal nytta planleggingsdagar, personalmøte, gruppemøte og leiarmøte.
- implementeringsdrivarar; trening og rettleiing

Leik og inkludering, det fysiske leikemiljø

«Leken skal ha en sentral plass i barnehagen, og lekens egenverdi skal anerkjennes. Barnehagen skal gi gode vilkår for lek, vennskap og barnas egen kultur. Leken skal være en arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språklig samhandling.» (Rammeplan for barnehagen, 2017)

Mål:

- alle barn skal oppleve seg inkludert i fellesskapet i barnehagen.
- alle barna skal gjennom leiken få mange anledningar til å uttrykka tankar og meiningar i kvardagen.
- alle barn skal gjennom leiken få nytta sine ressursar og kreativitet, som skal gjera barnet rusta til å møte dagens krav og evne til nytenking.

Slik gjer me:

- organiserer rom, tid og lekemateriale for å inspirera til ulike typar leik
- legg til rette for at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik
- legg til rette for utvikling av leiketema
- legg til rette for eit inkluderande miljø, der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- observera, analysera, støttar og deltek i leken på barna sine premissar
- rettleier barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønstre
- er medviten på og vurderer eiga rolle og deltaking i barna sin leik
- tek initiativ til leik og aktivt bidreg til at alle kjem inn i leiken.

KAP 1 Omsorg

«Omsorg er ein føresetnad for at barn skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.» (Rammeplan for barnehagen, 2017)

For tilsette i Stord kommune sine barnehagar handlar omsorg om å møte kvart einskild barn med nærleik og samspel. I barnehagen skal barnet oppleve at det er verdifullt og at personalet bryr seg om det. Å gje barnet moglegheit til å ta i mot og å gje omsorg er eit av grunnlaga for utvikling av sosial kompetanse. Det er og eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv

MÅL Ønska res.	TILTAK Konkret tiltak for å nå målet	KJENNETEIKN Kva er til stades når
Barn som trivs, er trygge og opplever tilhøyre i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> - Me møter barna med varme, er tydelege og grensesettande - Me justerer seg etter barnet og tek barnet sitt perspektiv - Me viser interesse for det barnet gjer - Me rosar og anerkjenner det barnet meistrar - Me observerer og verdset barna sine omsorgshandlingar 	<ul style="list-style-type: none"> o Barna viser omsorg for kvarandre o Barna veit korleis dei skal utvikla venskap o Barna har venner i barnehagen o Barna gler seg til å koma i barnehagen

Progresjon:

ALDER	MÅL	TILTAK	KRITERIUM
Småbarn	<ul style="list-style-type: none"> -Barn skal oppleva trygghet, tilhørighet og trivsel i barnehagen -Barn skal få dekkja sine behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og kvile -Barn skal bli møtt av vaksne som er lydhør for deira uttrykk, og som møter deira behov for omsorg med sensitivitet -Barn skal bli møtt med åpenhet, varme og interesse 	<ul style="list-style-type: none"> - Plan for (foreldreaktiv) tilvenning i barnehagen - Kontaktperson ved oppstart og gjennom første tida i barnehagen - Varme og anerkjennande vaksne som er tilstade for barna - Vaksne som aktivt nyttar språk for å sette ord på barna sine erfaringar og med det gje barnet støtte til å utvikle forståing for egne og andre sine følelsar og erfaringar - Det leggst til rette for at barn kan kvile og trekke seg tilbake ved behov 	<ul style="list-style-type: none"> - Barna opplever å bli gitt tid til å tryggast - Barn som syner tryggleik til dei vaksne i barnehagen ved at dei søkjer trøyst, rettleiing og kommunikasjon blant anna i møte med nye opplevingar. - Barn som syner trivsel og tryggleik gjennom å utforske leike- og læringsmiljøet i samhandling med andre barn og vaksne
Storbarn	<ul style="list-style-type: none"> -Barna skal bli oppmuntra til å vise omsorg for andre og til sjølv å kunne ta imot omsorg -Barna skal utvikle tillit til seg sjølv og andre 	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne som støttar og vegleiar barnet i barnet sine ulike uttrykk av og oppleving av følelsar - Varme, tydelege og grensesettande vaksne som saman med barna anerkjenner følelsar og justerer handlingar ved behov - Vaksne som rollemodellar for inkludering 	<ul style="list-style-type: none"> -Barna syner evne til å trøyste og hjelpe andre barn, og vaksne, i ulike situasjonar -Barn som utviklar evna til å justere sine handlingar i samband med følelsar -barn som inkluderer andre i leik -alle barn opplever vennskap i barnehagen

KAP 2 Danning

«Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.»

Danning er normer, verdiar og haldningar me har og handlingar me gjer. Danning er ein kontinuerleg prosess som går føre seg i samspel mellom menneske. Barnehagen skal fremje samhold og solidaritet samstundes som individuelle uttrykk og haldningar skal verdsetjast og følgjast opp.

MÅL	TILTAK	KRITERIUM
Barn som utviklar seg til sjølvstendige og ansvarlege deltakarar i eit demokratisk fellesskap	<ul style="list-style-type: none"> - Me skal legge til rette for at barna får meningsfulle opplevingar - Me støttar barna si identitetsutvikling og positiv sjølvforståing - Me fremjar mangfald og ulikskap 	<ul style="list-style-type: none"> o Barna deltek aktivt i aktivitetar og opplegg fremjar eigne meiningar og interesser o Barna viser evne til kritisk tenking o Barna viser forståing for felles verdiar og normer

Progresjon:

ALDER	MÅL	TILTAK	KRITERIUM
Småbarn	<ul style="list-style-type: none"> - Barna skal oppleve tilhøyrse til samfunnet, naturen og kulturen - Barna skal oppleve livsmeistring. - Barna skal kunna setje grenser for seg sjølv, og samstundes ta omsyn til menneska rundt seg <p>Barna skal få ei større forståing for seg sjølv og verda rundt dei</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne som er varme og grensesetjande i møte med barna - Vaksne som fremjar mangfald og ulikskapar - Vaksne som støtte barna si identitetsutvikling og positive sjølvforståing - Vaksne som legg til rette for at barna får trenar på sosial kompetanse i relasjon med andre - Vaksne som utfordrar barna sin tenking og inviterar dei inn i etiske samtalar <p>FORUT, barn hjelper barn</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Eit autoritativt barnehageklima, der barna møter varme og grensesetjande vaksne. - Barn som utviklar ei sunn og god sjølvregulering. - Barn som gjennom meningsfulle opplevingar brukar heile seg i utforskinga av nye ting, i leiken og læringa <p>Barn som tileignar seg sosial kompetanse i relasjon med andre.</p>
Storbarn	<ul style="list-style-type: none"> - Barna skal oppleve tilhøyrse til 	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne som er varme og grensesetjande i møte med barna 	<ul style="list-style-type: none"> - Eit autoritativt barnehageklima, der

	samfunnet, naturen og kulturen - Barna skal oppleve livsmeistring. - Barna skal kunna setje grenser for seg sjølv, og samstundes ta omsyn til menneska rundt seg Barna skal få ei større forståing for seg sjølv og verda rundt seg	- Vaksne som fremjar mangfald og ulikskapar - Vaksne som støtte barna si identitetsutvikling og positive sjølvforståing - Vaksne som legg til rette for at barna får trene på sosial kompetanse i relasjon med andre Vaksne som utfordrar barna si tenking og inviterer dei inn i etiske samtalar	barna møter varme og grensesettjande vaksne. - Barn som utviklar ei sunn og god sjølvregulering. - Barn som gjennom meningsfulle opplevingar brukar heile seg i utforskinga av nye ting, i leiken og læringa Barn som tileignar seg sosial kompetanse i relasjon med andre.
--	--	--	--

KAP 3 Leik

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast.»

Barnehagen skal gje barn høve til leik, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar. Leiken skal ha ein framtrekande plass i barnehagen og er ei grunnleggjande læringsform som barn uttrykkjer seg gjennom. Leik er både spontan og tilrettelagt. Leik legg grunnlag for sosiale ferdigheitar, venskap, språkutvikling og læring. Gjennom leik vert barn kjend med seg sjølv og oppdagar verda.

MÅL	TILTAK	KRITERIUM
Barn som opplever glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik, åleine og saman med andre	Me organiserer rom, tid og leikemateriale i tråd med barna sine interesser og behov Me er varme, tydelege og grensesettande, og deltek i barna sin leik Me tek initiativ til leik og bidreg aktivt til eit inkluderande leikemiljø	Barna har leikekompetanse og deltek i leik med andre Barna viser humor, glede og engasjement når dei er i leik med andre Barna inkluderer andre i leiken Barna er delt i mindre grupper

Progresjon:

ALDER	MÅL	TILTAK	KRITERIUM
Småbarn	-Barna skal utvikle god sosial kompetanse	-Personalet gir barna god tid til å leike - Personalet er merksame,	-Personale som er aktivt tilstade i leiken med barna - Personalet observerer, støtter og rettleiar barna i

	gjennom leik og samspel med andre barn - Barna skal oppleve glede og humor gjennom leik -Barna skal ha mulighet til å utvikle vennskap gjennom leik	inspirerende og aktivt deltakande i barna sin leik -Personalet tilpassar leiken og leikemateriale til barna sin alder og modning -Deler barna i mindre leikegrupper	leiken - Personale som aktivt bidreg til at alle barn kjem inn i leiken -Personale som stoppar alle former for mobbing og krenkingar
Storbarn	-Alle barn skal ha nokon å leike med - Barna skal få utvikle leikekompetansen sin - Barna skal få erfaring med å forholde seg til reglar og leikekameratar -Barna skal i leik og samvær med andre barn utvikle eit godt sosialt samspel	-Personalet fremjar eit inkluderande miljø der alle barn kan delta og erfare glede i leiken -Organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik -Personalet gjev barna felles erfaringar og opplevingar som stimulerer til leik -Deler barna i mindre leikegrupper	- Alle barn er aktivt med i leiken -Barna viser glede og engasjement i leiken - Deltakande vaksne som gjev impulsar til leiken -Personale som aktivt bidreg til at alle barn kjem inn i leiken -Personalet som stoppar alle former for mobbing og krenkingar

KAP 4 Læring

«Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage, og forstå samanhengar, utvideperspektiv og få ny innsikt.»

Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer. Og eit godt samspel mellom barn og vaksne og barn/barn er sjølv fundamentet for læring. I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre.

MÅL	TILTAK	KRITERIUM
Barn med leike- og lærelyst Barn som har positiv sjølvkjensle og tru på eiga meistring	<ul style="list-style-type: none"> - Me legg til rette for at barna får bidra i eiga og andre si læring - Me anerkjenner barna sine initiativ, kreativitet og evner i formelle og uformelle læringssituasjonar - Me har eit fysisk lærings- og leikemiljø som inviterer til utforsking, læring og meistring 	<ul style="list-style-type: none"> o Barna utforskar og brukar lærings- og leikemiljøet o Barna er kreative og tek initiativ i leik og eige læring o Barna reflekterer og syner interesse for tema

Progresjon:

ALDER	MÅL	TILTAK	KRITERIUM
Småbarn	Barna skal møte eit mangfald av aktivitetar som stimulerer til gode felles opplevingar som igjen gir kompetanse innan samspel og leik.	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne skal leggje til rette for ein meningsfull kvardag. - Vaksne skal leggje til rette for at barna får møta utfordringar tilpassa alder, modning og interesser. <p>Vaksne skal leggja til rette for at barna får utvikla god sosial kompetanse.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Barn som er trygge i leik og samspelsituasjonar. - Barn som syner interesse for leik og aktivitetar på gruppa. - Barn som utvikler god sosial kompetanse.
Storbarn	<ul style="list-style-type: none"> - Barna skal få utfordringar med utgangspunkt i deira interesser, kunnskap og dugleikar. <p>Barna skal læra å bli sjølvstendige ut ifrå eigne føresetnadar og moglegheiter.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne skal leggje til rette for at barna kan få bruke heile seg i læringsprosessen. <p>Vaksne skal legge til rette for prosjektarbeid som tek utgangspunkt i barna sine interesser.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Barn som utforskar og bruker lærings- og leikemiljøet. - Barn som tek initiativ i leik og eiga læring. <p>Barn som reflekterer og syner interesse for tema.</p>

KAP 5 Venenskap og fellesskap

« Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungera godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel.»

I barnehagen skal alle barn kunne erfara å vera viktige for fellesskapet, og vera i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggja til rette for venenskap.

MÅL	TILTAK	KRITERIUM
<p>Barn som opplever at dei er ein viktig del av fellesskapet</p> <p>Eit barnehagemiljø fritt for krenking og mobbing</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Autoritativt klima - Me støttar barna sine initiativ til samspel og deltaking i fellesskapet - Me legg til rette for arenaer der barna opplever samhandling og deltaking i fellesskapet 	<ul style="list-style-type: none"> o Barna har evne til å oppretta og halda på venenskap o Barna deltek i det sosiale fellesskapet o Barna syner empati for kvarandre o Barn som hjelper kvarandre

KAP 6 Kommunikasjon og språk

«Barnehagen skal vera bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling.»

Kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barn si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisera, medverka, lytta, forstå og skapa mening.

MÅL	TILTAK	KRITERIUM
Barn som kommuniserer og lyttar til kvarande	<ul style="list-style-type: none">- Me nyttar dialog i samspel med barna- Me gjev barna positive og varierte erfaringar med bruk av språk- Me legg til rette for aktivitetar som fremjar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling- Me brukar observasjon for å fange opp barn som har ulike former for kommunikasjons-vanskar- Me nyttar TRAS-skjema for å kartlegge barna si språkutvikling frå dei er 2 år.	<ul style="list-style-type: none">o Barna nyttar språket for å uttrykkje meningar, tankar og følelsaro Barna har eit vokabular som er i tråd med den kognitive utviklinga deira

KAP 7 Barn sin medverknad

« Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gi uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen.»

Barn har rett til å få uttrykkje seg, og få delta i planlegging av det daglege livet i barnehagen. FN sin barnekonvensjon vektlegg at barn har rett til å seia mening si i alt som vedgår dei. Korleis og kor mykje medverknad vil vera avhengig av barnet sin alder og modning.

MÅL	TILTAK	KRITERIUM
Barn som vert møtt med respekt og vert anerkjent for synspunkt og kjensler	<ul style="list-style-type: none">- Varme og tydelege vaksne- Me ser, høyrer og tek barn sine innspel og uttrykk på alvor- Barnesamtale med 4-5 åringane- Me legg til rette for at barna kan medverke, ut frå alder og modning	<ul style="list-style-type: none">o Barna si medverknad syner att i planar, dokumentasjon og vurderingo Barna deltek i planlegging, dokumentasjon og vurdering av innhaldet i barnehagekvardagen i tråd med modning

KAP 8 Samarbeid mellom heimen og barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»

Arbeidet i barnehagen skal ta utgangspunkt i ein grunnleggjande respekt for foreldra sin kompetanse som foreldre, og den retten og det ansvaret dei har for å oppdra barna sine på den måten som er rett i høve deira tradisjonar, normer og vurderingar. Foreldra er dei som best kjenner barnet og familien sin kvardag, og dei har kjennskap til og informasjon om barnet sitt som er heilt uunnverleg for personalet.

Dei føresette får høve til å medverke på barnehagen sitt innhald gjennom den dagleg kontakten ved levering og henting, deltaking på foreldremøter, brukarundersøkingar og i foreldresamtalar og SU.

Mål: tett og godt samarbeid med foreldre/føresette til det beste for barnet

Slik gjer me :

- Personalet møter barn og foreldre på torget. Her utveksla me informasjon om barnet. Det er like viktig at foreldra /føresette tek ansvar for å innhente informasjon. Begge partar gir råd, hjelp og støtte.
- Foreldresamtalar haust og vår.
- Foreldremøte: Eit temamøte om hausten og eit om våren for alle foreldra/føresette. I tillegg eit foreldremøte desember/januar for gruppa som skal byrje på skulen, og eit møte i mai/junifor gruppa med nye barn som skal byrja til hausten.
- Sosiale møter ved haust, jul og sommar.
- Resultat frå foreldreundersøkinga legg grunnlag for kva me skal ha ekstra fokus på kommande barnehageår. Barnehagen lagar tiltaksplan med utgangspunkt i resultat frå undersøkinga.
- Nyttar MyKid som digital samhandlingsplattform mellom heim og barnehage
- Valde foreldreprerantar møter i barnehagen sitt samarbeidsutval (SU). Det er to planlagde møter i året, eit på hausten og eit på våren. Elles vert det møte etter behov og saker som kjem opp

Samarbeidsmodellen «Betre tverrfagleg innsats – BTI»

Stord kommune har vedteke at barnehagar og skular skal nytta samarbeidsmodellen BTI når ein er uroa for eit barn. Det kan vere bekymring knyta til fysiske, sosiale eller kjenslemessige tilhøve. Utfordringa kan også være i forbindelse med akutt, kronisk eller anna alvorleg sjukdom hos foreldra.

Modellen skal nyttast for å sikre tidleg innsats i arbeid med barn og unge.

Modellen har ein fast samarbeidsstruktur. Den skal sikre at fagpersonar tidleg oppdagar barn og unge som har utfordringar, og at dei og foreldra skal få den hjelpa dei har behov for til rett tid.

Det skal ikkje gå meir enn 4 veker frå ei bekymring oppstår før personalet i barnehagen tek kontakt med dei føresette. Då skal ein møtast og gjennomføre den «Nødvendige samtalen» og saman prøve å finne ut kva årsakene til vanskane til barnet kan vere.

Me veit at dersom dei tilsette i barnehagen og dei føresette samarbeida godt kring barnet sine utfordringar og prøver saman å finne gode løysingar, då er sjansane for å lukkast store.

BTI-modellen beskriver korleis samarbeidet kan leggjast til rette på tre ulike nivå, avhengig av innsatsen sitt omfang og tal på involverte tenester og instansar.

Målgruppe:

Born, unge og deira familiar

Mål:

Kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats til det beste for barnet.

KAP 9 Overgangar

Gjennom barna sitt opphald i barnehagen vil dei møte på ulike overgangar. Barnehagen har ansvar for å legge til rette for -og ha planar for desse.

9.1 Når barnet begynner i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.»

Mål: Barn og foreldre møter barnehagen og eit personale som er klar til å ta imot dei og som legg til rette for ein god barnehagestart for barnet.

Slik gjer me:

- Foreldremøte for nye barn på våren.
- Barnehagen sender ut informasjon til foreldre, og inviterer barn og foreldre inn til besøksdag i barnehagen før barnet starta.
- Pedagog som skal ha ansvar for barnet tar kontakt med foreldre og avtaler oppstartstidspunkt for barnet i barnehagen.
- Dei første dagane barnet er i barnehagen er det tett dialog mellom pedagogen og foreldre om kor lange dagar og kor mange dagar foreldra skal vera med barnet i barnehagen.
- Pedagogen som skal ha ansvar for barnet, inviterer til startsamtale med foreldre.
- Personalet skal alltid lytta til foreldre når det gjeld barnet deira. Foreldra er ekspertane på sitt eige barn.
- Foreldre kan når dei ynskjer det ringje eller kome inn i barnehagen for å høyre, sjå og oppleve korleis barnet har det.
- Forelder som treng rettleiing i høve tilvenning i barnehagen, får dette av pedagogen som har ansvaret for barnet deira.

9.2 Overganger i barnehagen

«Personalet skal sørge for at barnet og foreldre får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.»

Mål: Barnet og foreldre skal ha ei god oppleving av overgangen til ny avdeling. Barnet og foreldre skal førebust godt på denne overgangen.

Slik gjer me:

- kvar vår vert det sendt ut brev til foreldre om at barnet skal byrja på ny avdeling neste barnehageår. Her vert det informert om kor mange barn det vert på avdelinga, og kva personalet som skal fylje barna.
- Våren før barna skal over på ny avdeling vert dette teke opp og samtala om i barnegruppa.
- Minimum ein vaksen frå barnehagen skal fylje barnet heile barnehageløpet.
- 1-2-åringen går dei to første åra i barnehagen inne på avdeling for små barn. Desse avdelingane ligg litt skjerna frå resten av barnehagen. Våren det året dei vert 3 år vert dei gradvist tilvent livet ute på huset. Dette skjer i små grupper, og med trygge vaksne som er med.
- Dersom eit barn av ymse grunnar byter avdeling i løpet av året, vert dette gjort i tett dialog med foreldre. Og det fyljer alltid ein trygg og kjent vaksne med barnet i overgangen til barnet er trygg på den nye avdelinga.

Overgangen mellom barnehage og skule

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.»

Stord kommune har eigen overgangsplan for overgang mellom barnehage og skule. Denne legg blant anna føringar for den kontakt som skal vere mellom dei ulike arena i forkant av overgang, med delegering av ansvar. Samarbeid med foreldre er og forankra i planen. Utover overgangsplanen jobbar den enkelte barnehage med kontinuerleg førebuing.

Her finn de planen:

<https://www.stord.kommune.no/retningslinjer-og-planar.428804.nn.html>

Slik gjer me:


- Barnehagen arbeider med språkstimulering etter fast plan, og med utgangspunkt i «Språkplan for barnehagane og grunnskulane i Stord kommune 2020-2024».
- Barnehagen nyttar «språkløyper».
- Skulen følgjer opp når barna kjem der, slik at barna opplever samanheng i språkstimulering frå barnehage til lese- og skriveopplæring i skule.
- Barnehagen leverer ei mappe til skulen med informasjon om kva barnet sjølv meiner det er god til og kva det likar.
- Pedagogisk leiar skriv saman med barnet og foreldre/føresette kva barnet meistrar og kva det må øva på.
- Foreldre/føresette skriv under på samtykke før mappa vert levert til skulen.
- Våren det året barnet skal byrja på skulen, er det "bli kjent dagar" saman med

foreldre/føresette på skulen.

- I skuleferiar går barnegruppa til Langeland skule for å leike på uteområdet og på fotballbanen.
- Pedagogogen som har ansvar for den eldste gruppa i barnehagen, gjennomfører minimum ein barnesamtale det siste året barnet er i barnehagen.
- Personalet som har ansvar for den eldste gruppa i barnehagen, jobba systematisk for å sikra at alle barna får trenings på sjølvstende, finmotorikk, kognitive dugleikar m.m.

KAP 10 Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen er ein lærande organisasjon der pedagogisk leiing dannar grunnlag for den kvalitet som skal vere til stades i vårt virke. Gjennom systematisk planlegging, dokumentering og vurdering skal det oppretthaldast ei aktiv og reflektert personalgruppe som er i stadig utvikling og der alle jamleg deltek aktivt i faglege refleksjonar på ulike arena.



10.1 Planlegging

«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa.»

Slik gjer me:

- Kontinuerleg planleggingstid for pedagogiske leiarar
- Årsplan som overordna for innhald og fokus
- Veke- / månads- og prosjektplanar
- Planar for oppfølging av enkeltbarn
- Jamleg møtearena for forankring av plan og sikring av barnehagen som ein lærande organisasjon

10.2 Vurdering

«Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.»

Barnehagen vurderer regelmessig det pedagogiske arbeidet.

Slik gjer me:

- Månads- og halvtårsvurderingar som bygger på mål, tiltak og kriteria som ligg til grunn i årsplan og andre aktuelle planar
- Tilrettelegging av møtearena som sikrar at alle tilsette får ta del i barnehagen som ein lærande organisasjon
- Vurdering er med og legg retning for kva fokus som må vere til stades i kompetanseheving.
- Kollegarettleiing og refleksjon
- Jamleg vurdering av barnehagen sine arbeidsmåtar

10.3 Dokumentasjon

«Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.»

Slik gjer me:

- Praksisforteljing
- Systematisk observasjon
- Foto
- Teikning

10.4 Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

«Barnehagen skal sørgje for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod.»

Slik gjer me:

- BTI – Betre tverrfagleg innsats
- Tilpassa grupper
- Tilpassa planar

KAP 11 Arbeidsmåtene til barnehagen

«Arbeidsmåtene skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtene skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet.»

Slik gjer me:

- Leik
- Prosjektarbeid
- Deling i mindre grupper
- Aktiv bruk av barnehagen sitt nærmiljø
- Tek utgangspunkt i barna sine initiativ
- Tilrettelagte aktivitetar
- Spontane aktivitetar

11.1 Progresjon

«Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring.»

Slik gjer me:

- Barnehagen har egne progresjonsplanar
- Planar tek omsyn til barna sine erfaringar, interesser, kunnskapar og ferdigheiter
- Gjev barna meistringsopplevingar, samstundes med noko å strekkje seg etter

11.2 Digital praksis

«Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammepolan sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn.»

Slik gjer me:

- Gjev barna høve til å bruke og utforske ulike digitale verktøy
- Gjev barna kjennskap til ulike måtar å nytte digitale verktøy på
- Bruka av internett for undersøking, undring og ny kunnskap i lag med barna
- Bruka av digitale verktøy for dokumentasjon av prosess og produkt
- Samtale og refleksjon i lag med dei eldste barn om kva det betyr å ta bilete av andre


11.3 Prosjektarbeid

Me organiserer deler av barnehagekvardagen i form av prosjektarbeid. Kvar gruppe utarbeida sine prosjekt. Det gir ei ramme for noko barn og pedagogar kan vere saman om, og eit miljø for læring, vekslerknad og fellesskap. Dei kollektive erfaringane styrkar samhaldet i gruppa og bidreg til at nye venskap blir etablert. I prosjektarbeid blir det einskilde barn gitt høve til medverknad og til å utvide si forståing av seg sjølv og verda rundt seg. Det handlar ikkje om at barn skal reprodusera pedagogen sin kunnskap, men om å bli gitt høve til å skapa si eiga forståing saman med andre barn og vaksne. Samspelet mellom barna er ein viktig del av læreprosessen og me må difor gjera barna viktige for kvarandre. Gjennom å vere samla rundt noko som bidreg til gode opplevingar, interesse for den andre sitt engasjement, humor, glede og samarbeid, kan barna lære av kvarandre. I prosjektarbeid utfordrar personalet barna sine tankar og teoriar gjennom å stilla dei ovanfor problemstillingar og oppgåver som fører arbeidet og læringa vidare. Når me arbeider i prosjekt har me sett oss som mål å undersøka, få ny kunnskap og nye teoriar. Alle sine stemmer skal bli høyrte. Det er ein vekslerknad mellom fantasi, fantasteri og vitskap. Prosjektarbeid blir dokumentert og reflektert rundt, både av barn og vaksne. Refleksjon skal føra til auka kunnskap og dugleikar hjå barnet. Dokumentasjonen skal hjelpa pedagogen til å oppdaga det einskilde barn og gruppa sin strategi for å læra, og gi barn høve til å sjå og reflektera over eiga læring.

Alle prosjekt vert dokumentert gjennom foto, tekst, teikning, dramatisering og utstillingar i barnehagen.

Godkjenning av årsplanen

Årsplanen vart godkjent av samarbeidsutvalet fylgjande dato:



Trodlahaugen barnehage

Trodlahaugen 4

5412 Stord